

Referat frå foreldremøte 4.10.18

Foreldremøte byrja med ein liten framvising av bileter av born frå oppstarten i barnehagen. Deretter hadde me ein liten presentasjonsrunde der personalet og foreldra presenterte seg.

- Magnhild Nøttveit Pedagogisk leiar i 80 %
- Iren Vestheim Barnehagelærer i 100 %
- Janne- Marie Rath barne -og ungdomsarbeider i 80 %
- Ingrid Rikstad barne -og ungdomsarbeider i 100 %
- Sissel Soltveit barne -og ungdomsarbeider 60 %

Magnhild gjekk kort gjennom korleis oppstarten har vore i barnehagen. I år er det 18 barn på avdelinga. 4 nye barn. Me føler det var ein god oppstart både for nye og «gamle» barn. Ei fin gruppe ☺ Magnhild snakka og litt om vekerytmen i barnehagen. Her er ein oversikt over kva me gjer dei ulike dagane.

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Turdag for Regnbogen(dei eldste) Aktivitet for Solstrålane (dei minste)	Leike grupper/ ulike aktivitetar Hjertesamling	Førskule gruppe Aldersdelte grupper for resten av gruppa	Turdag for Solstrålane Aktivitet for Regnbogen	Varm lunsj og barna hjelper til.

I barnehagen har me byrja å bruke eit dataprogram som heiter Vigilo. Det programmet kan me bruke til å sjekke inn og ut borna i barnehagen. Me kan sende meldingar, skriver dagsrapportar, sende bileter mm. til dykk foreldre. Kvar av dykk har fått brukarnamn og passord og har derfor tilgang til dette programmet. Som foreldre kan de gå inn og registrere fråvær på barnet dersom det er sjuk eller har fri. Ser de at me brukar mobil ute, så er det for å registrere når nokon går, sende bileter til dykk av borna eller skrive dv. beskjedar. Dersom nokon ikkje har tilgang til Vigilo, så ta kontakt med Vigidis.

Dette året har me 6 førskulebarn. Kvar onsdag har dei førskulegruppe saman med Magnhild på skulen. Dette for å få litt kjennskap til korleis det vil bli å byrja på skulen. Førskulegruppa er tredelt, med ein halv time i kvar del. Den fyrste halvtimen har dei langlesing og song. Den andre del beveger me oss litt. Nokon gonger øver me oss på å ha friminutt. Kjøpt ut og inn til avtalt tid. Nokon gonger regelleik, t.d. kongen befaler, der me øver på å høyre etter nøyaktig kva som blir sagt. Siste halvdel jobbar me med ei bok som heiter Trampoline, som er laga til førskulebarn.

Barnehagen har eit nært samarbeid med skulen med tanke på overgang barnehagen til skulen. Me deler uteområde med skulen, slik at barna i barnehagen kan leike med

skulebarna. Førskulegruppa har eit rom på skulen som dei brukar, slik at dei blir kjent med skulen. Ein fredag i månaden har skulen og barnehagen felles månadssamling i gymsalen med diverse underholdning. Då er foreldra inviterte til å kome. Skulen har opplegg i forhold til den kulturelle skulesekken med 1.-4. klasse, og då får førskulebarna vere med på dette. På våren før skulestart, får barna ha tre opplegg saman med fadrane sine før dei byrjar på skulen. I mai/juni vert det førskuledag for førskulebarna. Annakvar veke, gjennom heile året, kjem 5. og 6. klasse i barnehagen og les bøker for dei eldste barna i barnehagen.

Frå barnehageåret 18/19 skal alle barnehagane i Radøy ta i bruk «Verksemdsplan for barnehagane i Radøy 2018-2022». Verksemdsplanen har tre fokusområder: *læringsmiljø, språk og ny rammeplan*. Hovudfokus på arbeidet i barnehagane skal altså vera språk- og språkutvikling, noko som me i Austebygd har jobba konsentrert med i nokre år, samt læringsmiljø. Læringsmiljø i barnehagen er eit samleord for alt som har betydning for barn si utvikling, leik og læring. Målet er at alle barn skal oppleva eit positivt, trygt og godt læringsmiljø.

I barnehagen har me ei bok som heiter «Tall og språksprell» som me vil nytta framover. Mange gode idear og aktivitetar som me skal bruke i samling og ellers i barnehagen.

Me snakka om viktigheten av å lese til barna, helst kvar dag for å hjelpe deira språklege utvikling. Lesing er positivt for dei barna som har lite utvikla språk, men også for dei som har eit godt utvikla språk. I «Verksemdsplanen for barnehagane i Radøy» er det også spesielt fokus på litteratur til gutar, då det viser seg at gutar t.d. skårar dårlegare på dei nasjonale prøvene enn jentene. I den samanheng skal me i barnehagen lage til ein bokkasse der barna kan låne bøker med seg heim. Har de bøker heime som de tenker andre kan få glede av, så kan de gjerne ta dei med til barnehagen.

Ein til to gonger i veka har me språkgruppe for ein del barn i barnehagen. Dette for å hjelpe dei med språkutviklinga; uttale, forståing, ordforråd ol. Nokre gonger får også andre barn vere med som ein språkmodell eller berre av eige ynskje.

Kvar tysdag bruker me eit program i samlinga som heiter «Hjerteprogrammet». Det går veldig mykje på sosialkompetanse, og der enkeltbarn er i fokus. På youtube ligg det ein liten filmsnutt som fortel meir om dette programmet. Denne såg me på foreldremøtet.

Dette barnehageåret går alle tilsette i Austebygd barnehage på eit kurs som heiter «Dei utrulige åra». Dette bruker me alle plandagar og eit par laurdagar på. Programmet DUÅ handlar om å skape ein god relasjon til barna, og fokuserer på positive strategiar.

Forsking viser diverre at mobbing kan starta allereie i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi. Barnehagen skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det, og følgje det opp.

Om barnet ditt ikkje kjenner seg trygg og som ein del av fellesskapet, må du melde frå til barnehagen.

Her er nettsida til mobbeombodet for barnehagebarn i Hordaland:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/mobbeombodet-i-hordaland/mobbeombod-for-barnehagebarn/>

Det vart valt FAU representantar for dette året:

Leiar: Ingunn Straume

Nestleiar: Kenneth Blomvågnes

Vara 1: Camilla Gjerde

Vara 2: Knut Morten Straume

Austebygd 21.11.18



Iren Vestheim

ref.



Vigdis Villanger

ref.

NB- sender også som vedlegg påminning om reglar og tider for å køyra opp på skuleplassen. Eg må be alle som køyrer opp på skuleplassen om å køyra forsiktig og **senka farten**. Dette gjeld særleg om ettermiddagen, då både barnehagebarna og barna på SFO til tider brukar fotballbana.

Vigdis Villanger

styrar/rektor

BILKØYRING VED LEVERING OG HENTING I BARNEHAGEN.

- Det er KUN tillatt å køyra opp på skuleplassen ved levering når barnehagen startar om morgonen. Ein må då vera tidleg ute, og bilen må vera nede på parkeringsplassen att seinast kl. 07.40.
- I oktober 2015 vart det i møte ml. FAU i barnehagen + SFO og styrar/ rektor avtalt å opna for oppkøyring på skuleplassen ved henting – frå kl. 15.30 – i perioden frå 1.november og ut februar månad. Dette vert vidareført også i 18/19.
- For tryggleiken til elevane og barnehageborna, ber me om at de ryggar bilen inn mot gjerdet på skuleplassen når de parkerer, både ved henting/levering.
- Ved henting om ettermiddagen er det er elles i året ikkje tillatt å køyra opp.
- Foreldre må parkera nede på parkeringsplassen "for gjestar". IKKJE parker i bakken verken ved levering eller henting! OBS! Den nye parkeringsplassen er personalet sin parkeringsplass!



Porten inn til skuleplassen skal vera stengt frå kl. 07.40 og resten av dagen. Det er viktig at reglane for bilkøyringa og kor ein skal parkera vert respekterte, sjølv om porten av ein eller annan grunn skulle stå open!

Andre viktige påminningar for tryggleiken til elevar og barnehageborn:

Køyr alltid sakte! Det nye lagertilbygget på skulen gjer at det no er mykje mindre oversiktleg enn tidlegare når ein køyrer inn på skuleplassen

For tryggleiken til borna i barnehagen og på SFO: Gå aldri frå bilen på skuleplassen eller på parkeringsplassen med motoren i gang eller bilnøklane i, når de skal levera eller henta borna dykkar.

*Desse avgrensingane har me kun med eitt mål for auga:
Å SIKRA TRYGGLEIKEN TIL DINE - OG ALLE ANDRE SINE BORN!*

Forebygging: Om å utvikle språk

Språkutvikling

Råd til foreldre: Hva kan du gjøre for å stimulere språket?

Søk hjelp: Når bør du ta kontakt med logoped?

Fra fødselen til 6 måneders alderen

Barnet ditt reagerer på lyd, vender blikket og / eller hodet mot lydkilden, pludrer selv.

Snakk til barnet ditt på en rolig og varm måte, syng og le sammen, forklar lydene som barnet hører, sett navn på familiemedlemmer og ting i barnets liv, fortell hva du gjør.




Ved 12 måneders alderen

Barnet forstår enkle instruksjoner, sier mamma og pappa, reagerer på sitt eget navn.

Lek med stemmen din. Det liker barnet. La barnet oppdage gleden ved å snakke. Stimuler alle forsøk på samspill (grimaser, blikk, latter, smil, o.s.v.)

Vær oppmerksom på om barnet ditt reagerer på lyd. Hvis det ikke gjør det, så få undersøkt hørselen. Søk hjelp hvis du ikke får øyekontakt med barnet ditt når dere snakker sammen.




La ikke barnet sitte foran TV / video i lang tid. Det fremmer ikke språkutviklingen.

Ved 18 måneders alderen

Barnet ditt forstår enkle instruksjoner og setninger og benevner alminnelige gjenstander. Ordforrådet vokser.

Snakk normalt til barnet ditt – i riktige setninger og med enkle ord. Ikke bruk babyspråk. Gi barnet bøker som passer til alderen og snakk om farger og former. Det skaper interesse.




Ved 2 års alderen

Barnet forstår enkle instruksjoner, sier navnet sitt og bruker 2 – 3 ords setninger.

Stimuler ordforrådet, forklar ord som barnet ikke forstår, gjenta ord som det ikke uttaler riktig, men be ikke barnet om å gjenta dem.

Søk hjelp om barnet slutter å snakke eller om språket og talen ikke fortsetter å utvikle seg.




Søk hjelp dersom ordforrådet - utenom mamma og pappa - bare inneholder et fåtall ord, hvis barnets tale er uforståelig for familien, og hvis barnet ikke setter 2 ord sammen til en setning.

Ved 3 års alderen

Barnet ditt forstår enkle fortellinger, bruker setninger, stiller spørsmål, bruker flertall og preposisjoner.

Stimuler barnet til å fortelle. Hjelp det til å gi uttrykk for sine tanker og følelser.




Ved 4 års alderen

Barnets språk begynner å ligne de voksnes mer og mer.

Les for barnet. Forsøk å huske og gjenfortelle for hverandre. Det stimulerer ditt barns språkutvikling og gir en positiv innstilling til lesing.

Søk hjelp hvis barnet -

- er vanskelig å forstå
- ikke lager enkle setninger
- bare bruker noen få verb
- ikke bruker artikler/adjektiver/flertallsformer.



Søk hjelp hvis barnet -

- har vansker med å begynne på en setning
- gjentar stavelser eller ord
- bruker korte usammenhengende setninger
- snakker uforståelig
- ikke kan gjenfortelle enkle setninger.



Norsk Logopedlag
www.norsk-logopedlag.no

